



Dale vgs.
Vestland fylkeskommune





Sjå filmen vår!

Velkommen til Dale vidaregåande skule!

Dale vidaregåande skule ligg i Fjaler kommune, nærmere bestemt i kommunesenteret Dale i Sunnfjord. Dale er eit viktig bu-, arbeids- og servicesenter i regionen, og skulen vår er den einaste vidaregåande skulen i dette vidstreckte området.


Her samlar vi unge frå heile regionen under visjonen «Vilje til visdom og vennskap». Med rundt 200 elevar og 45 tilsette, tilbyr vi eit breitt spekter av programfag i eit skolemiljø som stimulerer både utvikling og læring. Vi legg vekt på at elevar og lærarar skal ta ansvar for seg sjølve, kvarandre og skulebygningane.

Gjennom fadderordning, klassetreff, allmøte og sosiale aktivitetar både i og utanfor skuletida, jobbar vi aktivt for å skape eit levande skolemiljø der alle trivst, uavhengig av interesser og føresetnader.

Hjarteleg velkommen som elev hos oss!

Våre utdanningstilbod:

- Teknologi- og industrifag
- Helse- og oppvekstfag
- Påbygging til generell studiekompetanse
- Studiespesialisering
- Vaksenopplæring



NIBIO
FURENESSET
FORSKING OG UTVIKLING
Klimatilpassa grovfôrdyrking

Furenesvegen 210, 6967 Hellevik
www.nibio.no



Fasilitetar som fremjar trivsel og læring

Vi er veldig stolte av det fine skulebygget vårt, som rommar bibliotek, kantine, auditorium og andre flotte fasilitetar der elevane kan trivast. Kantina er ein samlingsstad for alle elevane på skulen, med ferske bakevarer, salat og varm middag. Her vert det også servert gratis frukost kvar dag!





Teknologi- og industrifag

Er du glad i maskiner, teknologi og liker å jobbe praktisk? Då kan teknologi- og industrifag vere noko for deg. I dette studiet får du prøvd deg på blant anna maskiner, produksjonsprosessar, automatisering og programmering av robotar.


På Vg1 får du ei grunnleggande opplæring i mekaniske og elektromekaniske fag. Vg2 gir deg moglegheita til å spesialisere deg vidare, med spennande retningar som bilfag, anleggsmaskin/reparatør og sveisefaget.

Teknologi- og industrifag er eit framtidsretta yrkesval med mange moglegheiter i næringslivet. På Dale VGS samarbeider vi tett med lokale bedrifter, og du får prøve ulike yrke gjennom utplassering i opplæringa. Dette vil gjere deg tryggare på valet ditt og auke sjansane dine for å få lærekontrakt.

Skulen tilbyr også tre vekers utplassering i utlandet gjennom internasjonaliseringsprosjekt innanfor Erasmus+, noko som gir deg verdifulle og spanande erfaringar.

Vegen vidare

Etter to år i skule kan du søkje lære plass for å ta fagbrev. Du kan også velje påbygging til generell studiekompetanse før eller etter læretida. Dette gir deg fleksibilitet til å forme din eigen karriereveg.





Helse- og oppvekstfag

Er du omsorgsfull og liker å samhandle med andre?

Då kan helse- og oppvekstfag vere noko for deg. I dette studiet får du prøve deg på helsefremjande arbeid, førstehjelp, kost, ernæring og hygiene, barn og unge si utvikling, kommunikasjon og sosial kompetanse, samt livsstilssjukdommar, skadar og lidingar.

På Vg1 helse- og oppvekstfag lærer du grunnleggande ferdigheter innan fleire helse- og oppvekstretta yrke. Etter Vg1 kan du søkje deg vidare til ulike programområde, som helsearbeidarfag, som Dale VGS tilbyr på Vg2. Her får du opplæring i praktisk pleie, omsorg og miljøarbeid, samt moglegheta til å prøve ny og framtidsretta velferdsteknologi.

Ved Dale VGS har du også moglegheta til utplassering i arbeidslivet, både innan oppvekst- og helsesektoren. Vi deltar i internasjonaliseringssprosjekt (Erasmus+) der ein kan få spennande praksis i utlandet.

Helse- og oppvekstfag er eit framtidsretta val med aukande behov for arbeidskraft i helsesektoren. Også lokalt er sjanske gode for å få lærekontrakt og fast arbeid.



Vegen vidare

Etter to år på skule kan du gå ut i lære og ta fagbrev. Du kan også ta påbygg til generell studiekompetanse før eller etter læretida. Dette gir deg fleire moglegheiter for vidare utdanning og karriere.



Fjaler kommune

www.fjaler.kommune.no

Vi treng unge,
engasjerte menneske

Bli lærling i Fjaler!



Påbygging til generell studiekompetanse

Har du gått på yrkesfag og ønskjer å ta høgare utdanning? Då kan du ta påbygging til generell studiekompetanse på Dale VGS.

Påbygging til generell studiekompetanse er for deg som har fullført Vg2 yrkesfag eller har tatt fagbrev. Dale VGS har 25 plassar til elevar som søker etter Vg2 og fem plassar for elevar som har tatt fagbrev.

Påbyggingsåret ved Dale VGS inneber at du møter fysisk på skulen fire dagar i veka, medan du har nokre få timer heimeundervisning kvar fredag. Dette gjer at elevar som bur på hybel kan reise heim kvar torsdag, viss dei ønskjer det.

Klasserommet til påbyggingsklassen er lokalisert i hovudbygget, ved sida av klasseromma til elevar som går på studiespesialisering. Som elev på påbyggingsåret blir du dermed raskt kjent med andre elevar på skulen.

Elevar som tek påbyggingsåret etter Vg2 yrkesfag, skal velje eitt programfag. På Dale VGS kan du velje mellom sosiologi/sosialkunnskap eller engelsk. Elevar som tek påbygging etter fagbrev, får fritak i programfag og kroppsøving.

Her kan du søkje om plass både før og etter lærertida, og utdanninga fører fram til generell studiekompetanse.

The collage consists of three images: 1) A large wooden frame under construction with a concrete foundation, set against a backdrop of mountains and a cloudy sky. 2) A smaller image showing a construction site with a concrete pump truck and other equipment on a dirt road. 3) A close-up view of water cascading over a concrete dam or spillway, with rocky terrain and greenery in the foreground.

HAFS 
Betongbygg AS

#6963 Dale i Sunnfjord Mob: 90621968
post@hafsbetongbygg.no hafsbetongbygg.no

Vi tilbyr lærlingplass



Studiespesialisering

Er du interessert i teoretiske fag og ønskjer å studere ved universitet eller høgskule seinare? Eller har du kanskje ennno bestemt deg for kva du vil jobbe som? I begge tilfella er studiespesialisering eit godt val for deg.

Studiespesialisering er eit treårig studieløp som fører fram til generell studiekompetanse

På Vg1 får du ei brei innføring i ulike teoretiske fag. På Vg2 og Vg3 vel du fordjuping innan anten realfag eller språk, samfunnsfag og økonomi. Du kan også velje fordjuping innan idrett.

Dette gir deg høve til å tilpasse utdanninga etter dine interesser og framtidsplanar.

Nokre universitet krev spesiell studiekompetanse for opptak, og på Dale VGS kan du velje full fordjuping i realfag for å oppnå dette.

Vegen vidare

Med studiespesialisering får du generell studiekompetanse, som kvalifiserer til all høgskule- og universitetsutdanning. Dette gir deg mange moglegheiter for vidare utdanning og karriere.

Takk til
samarbeidspartnerane våre!





Dale vgs.
Vestland fylkeskommune

Kontakt oss!

postmottak.dalevgs@vlfk.no

Jarstadvegen 28, 6963 Dale i Sunnfjord

57 63 70 00/57 63 70 01